

Framlegg til endring av lova

Gjeldande tekst	Endringsframlegg
§ 4 STYRE OG RÅD Laget har eit styre med 1 leiar og minst 4 medlemmer med minst 2 varamedlemmer. Laget har eit råd på 7 medlemmer med 3 varamedlemmer. Rådet skal følgja med i alle økonomiske spørsmål som vedkjem laget, ha tilsyn med laget sine eigneluter og elles vera eit rådgjevande og kontrollerande organ for laget.	§ 4 STYRE OG RÅD Laget har eit styre med 1 leiar og minst 4 medlemmer med minst 2 varamedlemmer. Laget har eit råd med 1 leiar og 6 medlemmer med 3 varamedlemmer.

Her er det to sjølvstendige endringsframlegg.

- 1) Å endre teksten om rådet til å få fram at det skal vere ein leiar i rådet.
- 2) Fjerne siste ledd i paragrafen som omhandlar rådet sine oppgåver. Kva oppgåver styre, råd, nemnder osb. har kjem fram av styringsføresegnene og treng ikkje stå i lova.

Framlegg til endring av styringsføresegner

Paragrafar som er foreslått endra er merka med stjerneteikn (*).

Gjeldande tekst

Vedtekne på skipingsmøte 2. mars 2005, endra på årsmøte 15. februar 2006 og omframt årsmøte 18. juni 2008.

Bygde på styringsføresegner for Bondeungdomslaget i Bergen og Bondeungdomslaget Ervingen, men korrigererte for ny organisering.

§ 1 Lagsarbeidet

Laget vil arbeida med oppgåver i samsvar med §1 i lagslova. Prinsippprogrammet til Noregs Ungdomslag og norsk målreising bygd på prinsippprogrammet til Noregs Mållag skal vera grunnlag for lagsarbeidet.

§ 2 Laget er med i

Noregs Ungdomslag gjennom Hordaland Ungdomslag, Noregs Mållag gjennom Hordaland Mållag, og Bygdelagsnemndi i Bergen.

Laget kan også vera med i og samarbeida med andre organisasjonar. I samråd med rådet kan lagsstyret eller fonds- og eigeomsstyret melda laget inn eller ut av slike organisasjonar.

§ 3 Årsmøtet

Årsmøte og omframt årsmøte skal haldast og kunngjerast i samsvar med § 3 i lagslova. Innkalling med sakliste skal sendast kvar einskild medlem. Berre saker som står på saklista kan takast opp til avgjerd på årsmøtet.

Ny tekst

Vedtekne på skipingsmøte 2. mars 2005, endra på årsmøte 15. februar 2006, omframt årsmøte 18. juni 2008 og årsmøte 18. februar 2015

Bygde på styringsføresegner for Bondeungdomslaget i Bergen og Bondeungdomslaget Ervingen, men korrigererte for ny organisering.

§ 1 Lagsarbeidet

Laget vil arbeida med oppgåver i samsvar med §1 i lagslova. Prinsippprogrammet til Noregs Ungdomslag og norsk målreising bygd på prinsippprogrammet til Noregs Mållag skal vera grunnlag for lagsarbeidet.

§ 2 Laget er med i

Noregs Ungdomslag gjennom Hordaland Ungdomslag, Noregs Mållag gjennom Hordaland Mållag, og Bygdelagsnemndi i Bergen.

Laget kan også vera med i og samarbeida med andre organisasjonar. I samråd med rådet kan lagsstyret eller fonds- og eigeomsstyret melda laget inn eller ut av slike organisasjonar.

§ 3 Årsmøtet*

Årsmøte og omframt årsmøte skal haldast og kunngjerast i samsvar med § 3 i lagslova. Innkalling med sakliste skal sendast kvar einskild medlem. Berre saker som står på saklista kan takast opp til avgjerd på årsmøtet.

Gjeldande tekst

Årsmøtet vel: Lagsstyre og leiar i lagsstyret, råd og leiar i rådet, styre for særslag og nemnder, fonds- og eigedomsstyre, ettersynsfolk, valnemnd, representantar til rådet i Bygdelagsnemndi og gjer elles alle val som årsmøtet pålegg. Årsmøtet vel også utsendingar til årsmøta i Noregs Mållag, Hordaland Mållag, Noregs Ungdomslag og Hordaland Ungdomslag.

§ 4 Styret

Styret skal samordna alt lagsarbeid og har ansvaret for at lagsarbeidet er organisert på ein forsvarleg måte. Det ser til at dagleg leiing, særslag og nemnder arbeider i samsvar med lover, føresegner og retningsliner for drifta. Styret har ansvaret for driftsøkonomien i laget.

Styret er ansvarleg for alle tilskipingar når lagsnamnet vert nytta. Når styret finn det tenleg, kan tillitsfolk og andre lagsfolk kallast inn til samråding.

Styret er vedtaksført når minst 4 er til stades. 1. varamedlem skal kallast inn til styremøte, men er utan røysterett når alle er til stades.

Styret er ansvarleg for at årsmelding, årsrekneskap og budsjettframlegg for lagsdrifta, inkludert særslag og nemnder, vert sende til rådet for uttale i god tid før årsmøtet.

Styret set opp sakliste for årsmøtet og legg fram årsmelding, rekneskap og budsjettframlegg.

Styret kan tilsetja dagleg leiar/ administrativt personale.

Ny tekst

Årsmøtet vel: Lagsstyre og leiar i lagsstyret, råd og leiar i rådet, styre for særslag og nemnder, ettersynsfolk, valnemnd og gjer elles alle val som årsmøtet pålegg.

Dei særlege verv i lagsstyret og rådet som kjem fram i styringsføresegnene skal veljast av årsmøtet.

Årsmøtet vel også utsendingar til årsmøta i Noregs Mållag, Hordaland Mållag, Noregs Ungdomslag og Hordaland Ungdomslag.

§ 4 Styret*

Styret skal ha leiar, nestleiar, økonomiansvarleg, PR- og rekrutteringsansvarleg og tilskipingsansvarleg.

Styret skal samordna alt lagsarbeid og har ansvaret for at lagsarbeidet er organisert på ein forsvarleg måte. Det ser til at dagleg leiing, særslag og nemnder arbeider i samsvar med lover, føresegner og retningsliner for drifta. Styret har ansvaret for driftsøkonomien i laget.

Styret er ansvarleg for alle tilskipingar når lagsnamnet vert nytta. Når styret finn det tenleg, kan tillitsfolk og andre lagsfolk kallast inn til samråding.

Styret er vedtaksført når minst 4 er til stades. 1. varamedlem skal kallast inn til styremøte, men er utan røysterett når alle er til stades.

Styret er ansvarleg for at årsmelding, årsrekneskap og budsjettframlegg for lagsdrifta, inkludert særslag og nemnder, vert sende til rådet for uttale i god tid før årsmøtet.

Styret set opp sakliste for årsmøtet og legg fram årsmelding, rekneskap og budsjettframlegg.

Styret kan tilsetja dagleg leiar/ administrativt personale.

Gjeldande tekst

Arbeidsinstruks og tilsetjing/arbeidsavtale skal godkjennast av rådet.

Styret har personalansvar for alle tilsette.

§ 5 Rådet

Rådet skal vera eit kontrollerande og rådgjevande organ.

Rådet skal ha leiar og 6 medlemmer med 3 varamedlemmer. Alle som sit i rådet, må ha vore med i laget i minst 2 år og kan ikkje samstundes vera medlem / varamedlem i lagsstyret, fonds- og eigedomsstyret eller i styra for lagsbruka. Leiar i lagsstyret møter fast på rådet sine møte, men er ikkje medlem. Rådet er vedtaksført når minst 5 rådsmedlemmer er til stades.

Rådet sine oppgåver er å:

ha tilsyn med lagsstyret, dagleg leiar, fonds- og eigedomsstyret og eigarinteressene i lagsbruka
gje tilråding om årsmelding, årsrekneskap og budsjett frå lagsstyret og fonds- og eigedomsstyret
gje tilråding om endringar i lover og styringsføresegner
godkjenna tilsetjingar og tenesteføresegner
kunna gjera vedtak i andre saker når lagsstyret eller fonds- og eigedomsstyret ikkje er vedtaksføre

Ny tekst

Arbeidsinstruks og tilsetjing/arbeidsavtale skal godkjennast av rådet.

Styret har personalansvar for alle tilsette.

Styret har ansvaret for drift og vedlikehald av eigedomen Eidsholmen i Fana. Lagshytta kan brukast til ulike arrangement og samkomer i laget og av alle medlemene. Når lagshytta er ledig kan ho leigast ut til andre.

§ 5 Rådet*

Rådet skal ha leiar og 6 medlemmer med 3 varamedlemmer. Minst 2 av dei faste medlemene skal ha særleg ansvar innan fond- og eigedomsspørsmål. Alle som sit i rådet bør ha vore med i laget i minst to år og kan ikkje samstundes vera medlem eller varamedlem i lagsstyret eller i styra for lagsbruka.

Leiar i lagsstyret møter fast på rådet sine møte, men er ikkje medlem.

Rådet er vedtaksført når minst 6 er til stades.

Vedtak i Rådet må ha minst 2/3 fleirtal.

Rådet er eit rådgjevande organ:

- Rådet skal gje råd til lagsstyret om den langsiktige lagsdrifta
- Rådet skal gje tilråding om årsmelding, årsrekneskap og budsjett frå lagsstyret
- Rådet skal gje tilråding om endringar i lover og styringsføresegner.
- Rådet kan gje tilråding i viktige saker som skal fram for årsmøtet
- Rådet kan gjera vedtak i andre saker når lagsstyret ikkje er vedtaksføre.

Gjeldande tekst

§ 6 Særlag og nemnder

Særlag og nemnder skal arbeida i samsvar med føremålet til laget og i nært samarbeid med lagsstyret. Ingen kan vera medlem i særlag og nemnder utan å vera medlem i hovudlaget.

Kvart år innan 20. januar skal særlag og nemnder senda årsmelding til lagsstyret.

Laget har desse særlaga og nemndene:

- *Folkedanslaget* skal arbeida med folkelege norske dansetradisjonar som bygdedans, turdans, runddans og songdans. Styret i folkedanslaget skal ha leiar og 4 medlemmer.
- *Ungdomsgruppa* skal arbeida med vanlege lagsaktivitetar som folkedans, musikk, teater o.a. tilpassa alderstrinnet. Styret skal ha 3 medlemmer og vel kontaktperson seg imellom.

Ny tekst

Rådet er eit kontrollerande organ:

- Rådet skal ha tilsyn med lagsstyret og administrasjonen
- Rådet skal godkjenna tilsetjingar og tenesteføresegner.

Rådet er eit forvaltande organ:

- Rådet har forvaltningsansvaret for alle fond og verdipapir i laget.
- Rådet skal vera laget sin kontakt med lagsbruka og representera laget på årsmøtet i lagsbruka og i andre tiltak der laget har økonomiske interesser.

Laget har dette fondet:

Reservefondet er skipa i 2008 etter årsmøtevedtak i Bergen ungdomslag Ervingen. Reservefondet har eigne vedtekter.

§ 6 Særlag og nemnder*

Særlag og nemnder skal arbeida i samsvar med føremålet til laget og i nært samarbeid med lagsstyret. Ingen kan vera medlem i særlag og nemnder utan å vera medlem i hovudlaget.

Kvart år skal særlag og nemnder senda årsmelding til lagsstyret.

Laget har desse særlaga og nemndene:

- *Folkedanslaget* skal arbeida med folkelege norske dansetradisjonar som bygdedans, turdans, runddans og songdans. Styret i folkedanslaget skal ha leiar og 4 medlemmer.
- *Ungdomsgruppa* skal arbeida med vanlege lagsaktivitetar som folkedans, musikk, teater o.a. tilpassa alderstrinnet. Styret skal ha 3 medlemmer og vel kontaktperson seg imellom.

Gjeldande tekst

- *Barnelaget* skal driva med lagsaktivitetar tilpassa for born. Foreldra bør ta del i arbeidet, og ein må syta for samkomer der foreldra kan vera til stades. Styret i barnelaget skal ha leiar og 2 medlemmer, dertil 2 foreldrerepresentantar og 2 medlemmer valde av borna. Barnelaget held eige valmøte der borna vel 2 medlemmer til styret i barnelaget. Røysterett har dei som er barnemedlemmer i Bergen Ungdomslag Ervingen.
- *Teaterlaget* skal vera eit tilbod for å auka teaterinteressa og gje dei aktive i teaterlaget personleg utvikling og framgang i teaterarbeid. Styret skal ha leiar og 2 medlemmer.
- *Toradargruppa "Gimlingane"* skal arbeida for å auka musikkinteressa, særleg musikk for toradar, og skal gje medlemmene høve til samspel. Styret skal ha 2 medlemmer.
- *Spelmannslaget* skal ha som formål å dyrke og ta vare på dei lokale speltradisjonane. Det skal drive opplæringsarbeid, vere ein møteplass for spelemenn og ta opp spørsmål som er aktuelle for dette arbeidsfeltet. Både særlaget og medlemmane i særlaget skal vera medlemmar av Lfs. Styret skal ha 3 medlemmar og vel ein kontaktperson seg i mellom, som også er kontaktperson til FolkOrg.

Ny tekst

- *Barnelaget* skal driva med lagsaktivitetar tilpassa for barn. Foreldra bør ta del i arbeidet, og ein må syta for samkomer der foreldra kan vera til stades. Styret i barnelaget skal ha leiar og 2 medlemmer. Desse må enten vera medlemmer i laget eller føresette for barn i barnelaget.
- *Teaterlaget* skal vera eit tilbod for å auka teaterinteressa og gje dei aktive i teaterlaget personleg utvikling og framgang i teaterarbeid. Styret skal ha leiar og 2 medlemmer.
- *Toradargruppa "Gimlingane"* skal arbeida for å auka musikkinteressa, særleg musikk for toradar, og skal gje medlemmene høve til samspel. Styret skal ha 2 medlemmer.
- *Audhilds* skal ha som føremål å dyrke og ta vare på dei lokale speltradisjonane. Spelemannslaget skal drive opplæringsarbeid, vera ein møteplass for spelemenn og ta opp spørsmål som er aktuelle for dette arbeidsfeltet. Medlemene i særlaget skal vera medlemmer av FolkOrg. Styret skal ha leiar og 2 medlemmer. Leiar er kontaktperson til FolkOrg.

Gjeldande tekst

- *Songkoret "Kor e' tonen"* skal vera eit tilbod for korinteresserte i Bergen. Koret har som mål å søka utvikling og å syna breidde musikalsk. Styret skal ha 3 medlemmer og 2 varamedlemmer, og konstituerer seg sjølv. Dirigenten skal ikkje vera med i styret, men bør møta på styremøta.
- *Selsvikklubben* arbeider for å støtta laget.
- *Blad- og blestnemnda* skal arbeida for å auka kontakten mellom leiinga og medlemmene i laget og spreia opplysning om laget og det arbeidet laget driv. Nemnda skal arbeida for profilering av laget, koordinera all blest om arrangement i og utafor laget og gje råd til styret om deltaking i det offentlege ordskiftet. Blad- og blestnemnda skal utvikla og oppdatera heimesida til laget. Nemnda skal ha 1 leiar og 4 medlemmer.
- *Hyttenemnda* står for organisering av det praktiske arbeidet med hytta og organiserer dugnadsarbeidet. Nemnda har 3 medlemmer og er underlagt fonds- og eigedomsstyret.

Ny tekst

- *Juniorspelemannslaget* skal driva spelemannslag for barn med tilhøyrande opplæringsarbeid. Medlemene i særlaget skal vera medlemmer av FolkOrg. Styret skal ha leiar og 2 medlemmer. Desse må anten vera medlemmer i laget eller føresette for barn i juniorspelemannslaget. Leiar er kontaktperson til FolkOrg.
- *Songkoret "Kor e' tonen"* skal vera eit tilbod for korinteresserte i Bergen. Koret har som mål å søka utvikling og å syna breidde musikalsk. Styret skal ha 3 medlemmer og 2 varamedlemmer, og konstituerer seg sjølv. Dirigenten skal ikkje vera med i styret, men bør møta på styremøta.
- *Selsvikklubben* arbeider for å støtta laget.
- *Hyttenemnda* står for organisering av det praktiske arbeidet med hytta og organiserer dugnadsarbeidet. Nemnda har 3 medlemmer.
- *Kvedargruppa* skal arbeida med vokal folkemusikk. Kvedargruppa skal styrast av ein eller fleire medlemmer frå gruppa, og vel desse sjølve.
- *Skostredet spøt og slarv* skal vera ein møteplass for medlemmar i laget. Skostredet spøt og slarv vel ein kontaktperson seg i mellom.

Gjeldande tekst

Særlaga kjem med framlegg til valnemnda, på kandidatar til eigne særlagsstyre.

§ 7 Fonds- og egedomsstyret

Fonds- og egedomsstyret skal ha leiar og 4 medlemmer.

Fonds- og egedomsstyret har forvaltningsansvaret for alle fond og verdipapir i laget og har ansvaret for drift og vedlikehald av egedomen Eidsholmen i Fana. Styret skal vera laget sin kontakt med lagsbruka og representera laget på årsmøtet i lagsbruka og i andre tiltak der laget har økonomiske interesser.

Disposisjonar som kan vera vesentlege for fond eller egedomar grunna storleik eller risiko, skal leggjast fram for rådet. Fonds- og egedomsstyret og rådet skal vera samde før vedtak vert gjort, elles må saka leggjast fram for årsmøtet.

Laget har dette fondet:

Reservefondet er skipa i 2008 etter årsmøtevedtak i Bergen ungdomslag Ervingen. Fondet er slått saman av Selsvikfondet, skipa i 1988 og endra i 2006, og Egedomsfondet, skipa i 1990. Reservefondet har eigne vedtekter.

Lagshytta Eidsholmen kan brukast til ulike arrangement og samkomer i laget og av alle medlemmene. Når lagshytta er ledig, kan ho leigast ut til andre.

§ 8 Ettersynsfolk

2 ettersynsfolk med 1 varamedlem skal revidera alle rekneskap i laget og skriva revisjonsmelding. Dei skal få lagt fram alle bøker, bilag og opplysningar dei finn turvande for dette arbeidet. Ettersynsfolka kan ikkje veljast inn i verv som medfører rekneskap for laget.

Ny tekst

Særlaga kjem med framlegg til valnemnda, på kandidatar til eigne særlagsstyre.

§ 7 Ettersynsfolk

2 ettersynsfolk med 1 varamedlem skal revidera alle rekneskap i laget og skriva revisjonsmelding. Dei skal få lagt fram alle bøker, bilag og opplysningar dei finn turvande for dette arbeidet. Ettersynsfolka kan ikkje veljast inn i verv som medfører rekneskap for laget.

Gjeldande tekst

§ 9 Valnemnda

Valnemnda skal ha 5 medlemmer. Minst 3 månader før årsmøtet ser lagsstyret til at valnemnda kjem i arbeid. Nemnda kjem med framlegg til alle val på årsmøtet. I tilrådinga skal valnemnda ta omsyn til kjønnsfordeling av verv.

§ 10 Representasjon og fullmakter

Styret representerer laget i alt som har med lagsdrifta å gjera. Likevel kan særslag og nemnder representera laget innanfor sine arbeidsfelt. Styreleiar har prokura for det som har med lagsdrifta å gjera. Styret kan også tildela prokura for sitt område til personar i den daglege leiinga eller til andre i laget (sjå §4 Styret).

Fonds- og egedomsstyret representerer laget innanfor sitt arbeidsfelt. Leiar i fonds- og egedomsstyret har prokura innanfor det som har med fonds- og egedomsforvaltninga å gjera. For større og/ eller risikoprega disposisjonar trengst likevel rådet sitt samtykke (sjå §6 Rådet og §7 Fonds- og egedomsstyret).

Signatur er ikkje tildelt. Kjøp og sal av eigedom og forpliktingar som normalt krev signatur, må vedtakast av eit årsmøte som også gjev nødvendig fullmakt til styre eller enkeltpersonar til å gjennomføra vedtaket.

§ 11 Røysting, funksjonstid og utfyllingsval

Alle vedtak vert gjorde med vanleg fleirtal om ikkje anna er sagt. Dobbeltøyst til leiar eller andre skal ikkje nyttast.

Alle leiarar i styre, råd og nemnder skal veljast for eitt år om ikkje anna er sagt. Det same gjeld varamedlemmer og utsendingar. Alle andre medlemmer i styre, råd eller nemnder skal veljast for 2 år. Om mogeleg skal dette gjerast på ein slik måte at halvparten står på val kvart år.

Ny tekst

§ 8 Valnemnda

Valnemnda skal ha 5 medlemmer. Minst 3 månader før årsmøtet ser lagsstyret til at valnemnda kjem i arbeid. Nemnda kjem med framlegg til alle val på årsmøtet. I tilrådinga skal valnemnda ta omsyn til kjønnsfordeling av verv.

§ 9 Representasjon og fullmakter*

Styret representerer laget i alt som har med lagsdrifta å gjera. Likevel kan særslag og nemnder representera laget innanfor sine arbeidsfelt. Styreleiar har prokura for det som har med lagsdrifta å gjera. Styret kan også tildela prokura for sitt område til personar i den daglege leiinga eller til andre i laget (sjå §4 Styret).

Rådet representerer laget innanfor sitt arbeidsfelt. Leiar i Rådet har prokura innanfor det som har med fonds- og egedomsforvaltninga å gjera.

For større og/ eller risikoprega disposisjonar trengst likevel rådet sitt samtykke.

Signatur er ikkje tildelt. Kjøp og sal av eigedom og forpliktingar som normalt krev signatur, må vedtakast av eit årsmøte som også gjev nødvendig fullmakt til styre eller enkeltpersonar til å gjennomføra vedtaket.

§ 10 Røysting, funksjonstid og utfyllingsval

Alle vedtak vert gjorde med vanleg fleirtal om ikkje anna er sagt. Dobbeltøyst til leiar eller andre skal ikkje nyttast.

Alle leiarar i styre, råd og nemnder skal veljast for eitt år om ikkje anna er sagt. Det same gjeld varamedlemmer og utsendingar. Alle andre medlemmer i styre, råd eller nemnder skal veljast for 2 år. Om mogeleg skal dette gjerast på ein slik måte at halvparten står på val kvart år.

Gjeldande tekst

Dersom tillitsfolk valde for to år må slutta før funksjonstida er ute, kan det haldast utfyllingsval for resten av funksjonstida.

Når det trengst, har styret fullmakt til å finna nye tillitsfolk fram til neste årsmøte.

Ingen kan ha samanhengande funksjonstid i same tillitsverv lenger enn i 12 år.

Ny tekst

Dersom tillitsfolk valde for to år må slutta før funksjonstida er ute, kan det haldast utfyllingsval for resten av funksjonstida.

Når det trengst, har styret fullmakt til å finna nye tillitsfolk fram til neste årsmøte.

Ingen kan ha samanhengande funksjonstid i same tillitsverv lenger enn i 12 år.

Framlegg til endring av føresegner for reservefondet

Gjeldande tekst	Ny tekst
§1 Fond <p>Fondet vart vedteke på omframt årsmøte 18. juni 2008 ved å slå saman dei to fonda "Eigedomsfondet" og "Selsvikfondet". Fondet vart etablert 1. januar 2009 med revidering på årsmøtet 15. februar 2012, og årsmøtet 13. februar 2013.</p>	§1 Fond* <p>Fondet vart vedteke på omframt årsmøte 18. juni 2008 ved å slå saman dei to fonda "Eigedomsfondet" og "Selsvikfondet". Fondet vart etablert 1. januar 2009 med revidering på årsmøtet 15. februar 2012, årsmøtet 13. februar 2013, årsmøtet 18. februar 2015 og årsmøtet 18. februar 2015.</p>
§2 Føremål <p>Føremålet til fondet er å sikra laget sitt økonomiske grunnlag gjennom å tryggja eigedomane Fensal, Gimle og Eidsholmen og anna eige til lag og lagsbruk som gir inntekter til laget, og å yta økonomisk stønad til drifta av laget og til investeringar eller særlege tiltak elles som ikkje fell inn under den vanlege lagsdrifta.</p>	§2 Føremål <p>Føremålet til fondet er å sikra laget sitt økonomiske grunnlag gjennom å tryggja eigedomane Fensal, Gimle og Eidsholmen og anna eige til lag og lagsbruk som gir inntekter til laget, og å yta økonomisk stønad til drifta av laget og til investeringar eller særlege tiltak elles som ikkje fell inn under den vanlege lagsdrifta.</p>
§3 Fondsmiddel <p>Fondet består av to delar; bunden fondsmiddel (grunnmiddel) og fri fondsmiddel.</p> <p>For å oppretthalde realverdien av den bundne delen skal denne verdiregulerast pr 1. januar kvart år før godkjenning av rekneskapen med midlar frå avkastninga. Ein skal nytte årsveksten i konsumprisindeksen (KPI) gjennom siste kalendarår for verdiregulering.</p> <p>Ved etableringa av fondet 1. januar 2009 var bunden fondsmiddel kr 2.500.000,-. I 2011 vart bunden fondsmiddel utvida med "Obligasjon" i Ervingen Lagsbruk AS, stor kr 10 mill.</p> <p>Frie fondsmiddel vert ikkje verdiregulert.</p>	§3 Fondsmiddel <p>Fondet består av to delar; bunden fondsmiddel (grunnmiddel) og fri fondsmiddel.</p> <p>For å oppretthalde realverdien av den bundne delen skal denne verdiregulerast pr 1. januar kvart år før godkjenning av rekneskapen med midlar frå avkastninga. Ein skal nytte årsveksten i konsumprisindeksen (KPI) gjennom siste kalendarår for verdiregulering.</p> <p>Ved etableringa av fondet 1. januar 2009 var bunden fondsmiddel kr 2.500.000,-. I 2011 vart bunden fondsmiddel utvida med "Obligasjon" i Ervingen Lagsbruk AS, stor kr 10 mill.</p> <p>Frie fondsmiddel vert ikkje verdiregulert.</p>
§4 Fondsstyre <p>Fonds- og eigedomsstyret i Bergen ungdomslag Ervingen er styre for Reservefondet og rapporterer til Rådet.</p>	§4 Fondsstyre* <p>Rådet i Bergen ungdomslag Ervingen er styre for Reservefondet og rapporterer til lagsstyret i Bergen ungdomslag Ervingen</p>

Gjeldande tekst

§5 Forvaltning

Fonds- og eigestyret skal ta vare på og auke fondsmidlane på beste måte.

Dette skal særleg gjerast ved å plassere midlane i bank, fond, lån mot pant i fast eigedom innanfor 60% av marknadstakst eller i andre sikre plasseringar til best mogleg avkastning. Slike plasseringar kan Fonds- og eigestyret gjere åleine.

Dersom midlar skal plasserast til ein høgare risiko, kan Fonds- og eigestyret gjere dette i samråd med Rådet.

§6 Løyvingar**6.1 LØYVINGAR AV BUNDEN FONDSMIDDEL**

Løyvingar av bunden fondsmiddel (grunnmiddel) kan berre årsmøtet i laget gjera med 2/3 fleirtal etter at fondsstyret og rådet har gjeve si innstilling eller uttale.

6.2. LØYVINGAR AV ÅRSAVKASTNINGA VED ÅRSOPPGJERET

Av fondet sitt årsresultat (avkastning når finanskostnader er trekt frå) skal ein trekkje frå eit beløp tilsvarande KPI for bunden fondsmiddel og legge det til fondet sin grunnmiddel, jf. §3 2.ledd. Resterande fondsavkastning frå "Obligasjon" skal i sin heilskap gå til lagsdrifta. Øvrig resterande fondsavkastning skal fordelast etter brøken 80% til lagsdrifta og 20% til fri fondsmiddel.

Ny tekst

§5 Forvaltning*

Rådet skal ta vare på og auke fondsmidlane på beste måte.

Dette skal særleg gjerast ved å plassere midlane i bank, fond, lån mot pant i fast eigedom innanfor 60% av marknadstakst eller i andre sikre plasseringar til best mogleg avkastning. Slike plasseringar kan Rådet gjere åleine.

Rådet kan plassera midlar til ein høgare risiko.

§6 Løyvingar***6.1 LØYVINGAR AV BUNDEN FONDSMIDDEL***

Løyvingar av bunden fondsmiddel (grunnmiddel) kan berre årsmøtet i laget gjera med 2/3 fleirtal etter rådet har gjeve si innstilling eller uttale.

6.2. LØYVINGAR AV ÅRSAVKASTNINGA VED ÅRSOPPGJERET

Av fondet sitt årsresultat (avkastning når finanskostnader er trekt frå) skal ein trekkje frå eit beløp tilsvarande KPI for bunden fondsmiddel og legge det til fondet sin grunnmiddel, jf. §3 2.ledd. Resterande fondsavkastning frå "Obligasjon" skal i sin heilskap gå til lagsdrifta. Øvrig resterande fondsavkastning skal fordelast etter brøken 80% til lagsdrifta og 20% til fri fondsmiddel.

Gjeldande tekst

6.3. LØYVINGAR AV FRI FONDSMIDDEL

Løyvingar av fri fondsmiddel er tiltenkt investeringar / vedlikehald på Eidsholmen eller til andre særlege tiltak som ikkje kjem inn under den vanlege lagsdrifta. Fonds- og eigedomsstyret kan gjere slike løyvingar i samråd med Rådet. Dersom desse ikkje vert samde eller løyvinga vurderast som stor ved at den utgjer meir enn 50% av fri fondsmiddel, skal saka avgjerast av årsmøtet.

Alle løyvingar under §6.1 og §6.3 skal skje etter søknad

§ 7 Årsmelding og rekneskap

Fonds- og eigedomsstyret skriv årsmelding for fondet. Årsmelding og fondsrekneskap vert sendt saman med årsmelding og rekneskap for resten av laget til Rådet for tilråding og årsmøtet for godkjenning.

§8 Endring av føresegnene

Årsmøte i Bergen ungdomslag Ervingen kan endra føresegnene med 2/3 fleirtal etter at Fonds- og eigedomsstyret og Rådet har gjeve tilråding eller uttale.

Saman med føresegnene for Reservefondet gjeld lov og styringsføresegner for Bergen ungdomslag Ervingen, som har reglar om fristar og saksgang for endring av føresegnene.

Ny tekst

6.3. LØYVINGAR AV FRI FONDSMIDDEL*

Løyvingar av fri fondsmiddel er tiltenkt investeringar / vedlikehald på Eidsholmen eller til andre særlege tiltak som ikkje kjem inn under den vanlege lagsdrifta. Rådet kan gjere slike løyvingar. Dersom desse ikkje vert samde eller løyvinga vurderast som stor ved at den utgjer meir enn 50% av fri fondsmiddel, skal saka avgjerast av årsmøtet.

Alle løyvingar under §6.1 og §6.3 skal skje etter søknad

§ 7 Årsmelding og rekneskap*

Rådet skriv årsmelding for fondet. Årsmelding og fondsrekneskap vert lagt fram for årsmøtet for godkjenning.

§8 Endring av føresegnene

Årsmøte i Bergen ungdomslag Ervingen kan endra føresegnene med 2/3 fleirtal etter at Rådet har gjeve tilråding eller uttale.

Saman med føresegnene for Reservefondet gjeld lov og styringsføresegner for Bergen ungdomslag Ervingen, som har reglar om fristar og saksgang for endring av føresegnene.